



Vedlegg til Regionalplan for kulturmiljø

Handlingsprogram 2023–2026

Vedteken i fylkestinget 14. juni 2023

Innleiing og visjon

Regionale planar skal ha eit handlingsprogram for gjennomføring. Dette skal bygge på måla og strategiane i planen. Handlingsprogrammet er i hovudsak kortsiktig, med ein tidshorisont fram til 2025. Nokre tiltak har ein meir langsiktig karakter. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, og i samband med økonomiplanen. Til kvart tiltak er det skissert ansvar og samarbeidspartar.

Som overordna prinsipp vil Rogaland fylkeskommune prioritere nye tiltak og utviklingsprosjekt der fleire aktørar går saman om planlegging, finansiering og gjennomføring, og der prosjekta bidreg til å nå måla i denne planen. Fylkeskommunen kan bidra med finansiering, men kan også ha rolla som koordinator, igangsetjar, deltakar og rettleiar.

Visjon: Rogaland tek vare på – og verdset – kulturmiljøa sine som viktige ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling.

Mål 1: Mangfald

I Rogaland tek me vare på eit mangfald av kulturmiljø slik at spor frå heile historia om Rogaland, frå steinalder og fram til i dag, kan opplevast, brukast og gje kunnskap – no og i framtida.

Strategi 1A -bevaring og utvikling

Bevare og utvikle eit utval kulturmiljø av ulike typar og frå alle historiske epokar

Me skal

- sikre og bevare kulturmiljø og -landskap av særleg regional og nasjonal interesse gjennom god planlegging, vern og forvaltning
- styrke fylkeskommunen si rolle som utviklingsaktør på kulturmiljøfeltet
- følgje opp regionale planretningslinjer i vidare statleg, fylkeskommunal og kommunal planlegging og verksemd.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnad/bidrag frå fylkeskommunen	Skildring
Tilskot til utviklings-, verdiskapings- og samarbeidstiltak på kulturmiljøfeltet	2023: Utforming av ordning/-retningslinjer 2024 -> utlysing og tildeling	Fylkeskommunen	Kommunane, musea og organisasjonar	2024: kr 1 000 000 (innanfor vedteken ramme)	Opprette ny tilskotsordning for regionale tiltak og utviklingsprosjekt som bidreg til å realisere planen. Forslag til retningslinjer vil bli utarbeidd og lagde fram for politisk behandling med sikte på utlysing og tildeling av midlar i 2024. Det kan bli aktuelt å justere føremålet i tråd med nye nasjonale bevaringsstrategiar,

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnad/bidrag frå fylkeskommunen	Skildring
					når desse er vedtekne og ytterlegare konkretiserte. På den måten kan tilskotsordninga bidra til samordning av verkemidlar, og bidra til å utløyse statlege tilskot til prosjekt i Rogaland.
Maktens havn, Avaldsnes	2023-2028	Arkeologisk museum, UIS, Stavanger maritime museum/MUST, Nordvegen historiesenter, Karmøy kommune	Rogaland fylkeskommune, næringsliv, Riksantikvaren	Administrative ressursar inntil vidare	Forskningsprosjektet <i>Maktens havn</i> skal bidra til meir formidling av - og engasjement for - kulturmiljøet Avaldsnes. Tiltaket inneber meir medverknad i prosjektet frå Rogaland fylkeskommune. I prosjektet skal utvalde kulturmiljø i Karmsundet kartleggast og undersøkjast. <i>Maktens havn</i> er pilotprosjekt i dei nasjonale bevaringsstrategiane. Det kan innebere behov for fylkeskommunale ressursar etter kvart. Tiltaket heng saman med tiltak om formidling av førhistoria.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnad/bidrag frå fylkeskommunen	Skildring
Utarbeide oversikt over objekt som er aktuelle for freding i Rogaland	2024	Fylkeskommunen	Riksantikvaren	Administrative ressursar	Utarbeide forslag til aktuelle framtidige fredingsobjekt i Rogaland. Tiltaket vil bli gjennomført i samarbeid med kommunar, frivillige organisasjonar og eigarar. Forslaga vil bli lagde fram for, og drøfta med, Riksantikvaren. Fylkesdirektøren vil på bakgrunn av ei samla prioritert fredingsliste utarbeide framdriftsplan for gjennomføring. Både framdriftsplan og gjennomføring vil inngå som egne tiltak etterkvart.

Strategi 1B – eigarar og forvaltarar

Bidra til at eigarar og forvaltarar av kulturminne kan ivareta desse på ein god måte

Me skal

- ha treffsikre nasjonale, regionale og kommunale støtteordningar til bevaring av kulturmiljø og gjere dei meir kjende for målgruppene
- gje eigarar og forvaltarar tilgang til gode rådgjevingstenester, informasjon og kursing innanfor arkeologi, bygningsvern, fartøyvern og kulturmiljøvern
- bidra til å sikre gode rådgjevingstenester innan bygningsvern for eigarar i heile fylket.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Opprette rådgjevings-tenester innan bygningsvern	2023-2024: pilotprosjekt 2025: evaluering og utviding 2026: fast tilbod og ytterlegare utviding	Fylkeskommunen	Kommunane, musea, Riksantikvaren	2023 - 1 500 000 -> (innanfor vedtatt ramme) 2025 – 2 500 000-> 2026 – 4 000 000 ->	Ei rådgjevings-teneste for eigarar og forvaltarar av hus og anlegg. Det skal vere eit lågterskeltilbod der brukarar kan få konkrete råd om bygningsfagleg kunnskap, og med høve til å arrangere kurs og samlingar. Rådgjevarane vert tilsette ved musea. Pilotprosjekt for 2023-2025.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Dialogmøte og informasjons møte for grunneigarar, forvaltarar og andre aktørar	2023/2024 ->	Fylkeskommunen og Statsforvaltaren i Rogaland	Arkeologisk museum UiS, kommunane, interesseorganisasjonar	Innanfor vedteken ramme	Arrangere og delta. Målgrupper er eigarar av kulturminne og organisasjonar som representerer eigarar eller interesser knytt til arkeologiske kulturminne, freda og verneverdige bygg og anlegg og fartøy.
Justere eksisterande fylkeskommunale støtteordningar på kulturmiljøfeltet i tråd med prioriteringar i regionalplan for kulturmiljø	2023	Fylkeskommunen		Administrative ressursar	Retningslinjene for fylkeskommunen sine eigne tilskotsordningar skal bli vurderte på ny og eventuelt endra, for å støtte betre opp om målsettingane i planen. Det skal samstundes vurderast kva endringar som kan gjerast for å gjere støtteordningane enklare og meir brukarvennlege. Dette er særleg aktuelt i høve til tilskotsordning for verneverdige bygg og anlegg.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Rettleiing og praktisk informasjon til grunneigarar, tiltakshavarar, kommunar	2024	Fylkeskommunen	Statsforvaltaren i Rogaland, kommunane, musea, andre aktørar.	Innanfor vedteken ramme	Utarbeide enkel rettleiing og praktisk informasjon til grunneigarar, tiltakshavarar, kommunar mfl. Kva saker kan, skal eller skal ein ikkje senda til fylkeskommunen t.d., kva kan ein forvente å få hjelp til, kva opplysningar treng vi for å vurdere ei sak osv.
Auke tilskotsramma til fartøyvern/SAVOS	2025	Fylkeskommunen , kommunane	Riksantikvaren	500 000	I SAVOS-ordninga ligg det at Riksantikvaren skal «matche» dei fylkeskommunale - og evt kommunale - midlane. Gjennom at kommunane set av eigne middel til fartøyvern/SAVOS, og fylkeskommunen aukar sitt bidrag, vil det utløyse tilsvarende bidrag frå Riksantikvaren

Strategi 1C - tradisjonar og tradisjonshandverk

Stimulere til at tradisjonar og tradisjonshandverk blir haldne levande

Me skal

- legge til rette for bevaring, vidareføring og dokumentasjon av immateriell kulturarv
- legge til rette for at handverkarar kan lære seg tradisjonshandverk gjennom kursing, stipend og utdanning
- legge til rette for samarbeid og møteplassar mellom offentleg forvaltning, museum, frivillige organisasjonar, stiftingar, bedrifter og vidaregåande skular om bevaring av tradisjonshandverk.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Etter- og vidareutdannings-tilbod innan tradisjonshandverk	2023/2024 - avklaringar	Fylkeskommunen – Kultur- og næringsavdelinga og Opplæringsavdelinga	Musea, andre fylke, andre utdanningsaktørar	Administrative ressursar	Vurdere moglegheitene for eit formelt etter- og vidareutdanningstilbod innan tradisjonshandverk for handverkarar i Rogaland eller i samarbeid med andre fylke
Kurs i restaurering og tradisjonshandverk	2024->	Fylkeskommunen, musea, frivillige organisasjonar, kommunane	Musea, frivillige organisasjonar innan bygnings- og fartøyvern, nasjonale kompetansmiljø, Riksantikvaren	Innanfor vedteken ramme	Legge til rette for/bidra til kompetanseheving i tradisjonshandverk og restaurering – gjennom å ta initiativ, arrangere og finansiere , gjerne i samarbeid med andre aktørar.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Utviklingsstipend for tradisjons-handverkarar	2022 -> 2024: evaluering 2025: vidareføring	Fylkeskommunen	Fortidsminneforeningen Representantar frå bygningsbransjen Musea	150 000 -> (innanfor vedteken ramme)	Tiltaket vart oppretta i 2022, og har som føremål å gjere det mogleg for einskilde handverkarar å lære seg meir om tradisjonshandverk, teknikkar og dokumentasjon av slike, gjennom studiar og prosjekt dei sjølve set i gong.

Strategi 1D – klimaendringane

Verne kulturmiljø mot effektane av klimaendringane og bidra til at kulturminne blir brukte i klimainnsatsen

Me skal

- styrke kunnskapsgrunnlaget om kva slags effekt klimaendringane har på viktige kulturminne og kulturmiljø i Rogaland
- utføre naudsynte klimatilpassingar på sårbare kulturmiljø og kulturminne
- legge til rette for gjenbruk, vidare bruk og klimatiltak på eldre bygg gjennom rettleiing og informasjon.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Arrangere seminar/fagsamling om klimatilpassing av kulturmiljø	2024	Fylkeskommunen	Statsforvaltaren, musea, kommunane, organisasjonar	Innanfor vedteken ramme	Eingongshending. Skal gjennomførast som del av årlege seminar med ulike tema for kommunane og andre aktørar (sjå strategi 2.b)

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Gjennomføre risiko- og sårbarhetsanalyse for viktige kulturminne og kulturmiljø	2024/2025-	Kommunane	Fylkeskommunen, Arkeologisk museum UiS, Museum Stavanger, regionalmusea, Statsforvaltaren i Rogaland	Administrative ressursar Tilskotsmidlar frå Miljødirektoratet	<p>Dette er i utgangspunktet ei kommunal oppgåve, og det vil til dømes vera nyttig å gjennomføre i samband med utarbeiding av ein overordna klimaplan for heile kommunen eller sett mot konkrete tiltak. Fylkeskommunen kan bidra gjennom utarbeiding av ein overordna grovanalyse, som kan danne grunnlag for arbeid i den einskilde kommunen.</p>

Mål 2 – Kunnskap

I Rogaland har me god kunnskap om kulturmiljøa våre og korleis dei bidreg til å gje eigenart og identitet til stader og folk.

Strategi 2A – kulturminne i kommunane

Styrke arbeidet med kulturmiljøforvaltning i kommunane

Me skal

- legge til rette for kurs og seminar og møteplassar mellom fylkeskommunen, kommunar og andre aktørar
- sette kulturmiljø på den kommunale dagsordenen, og legge til rette for lokal bevaring og bruk av kulturmiljø.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Kurs i kulturmiljøforvaltning – tilrettelagt for den einskilde kommune	2023-2027	Fylkeskommunen	Kommunane, musea	Innanfor vedteken ramme + administrative ressursar	Tilrettelagte kurs for einskildkommunar for å auke lokal og regional kompetanse og engasjement – tverrfagleg deltaking frå kommunane. 3-4 kommunar pr år. Etter modell frå tilsvarande prosjekt i Viken fylkeskommune.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Arrangere årlege seminar med ulike tema for kommunane og andre aktørar	2024->	Fylkeskommunen	Kommunane, musea, Riksantikvaren, andre aktørar	Innanfor vedteken ramme	Vidareføring og vidareutvikling av KIK-satsinga. Må sjåast i samanheng med andre kurs/seminar som og vil inngå som del av KIK
Oppdaterte kommunale kulturminneplanar i alle kommunane	2023->	Kommunane	Fylkeskommunen, musea, frivillige organisasjonar	Administrative ressursar til rettleiing og liknande.	Revidere kommunale kulturminneplanar med gode og oppdaterte digitale oversikter over kulturminne i kommunen, og med mål og tiltak for lokal kulturmiljøinnsats.
Opprette kommuneantikvar/regionantikvarstillingar i kommunane	2023->	Kommunane	Fylkeskommunen	Administrative ressursar	Vert føreslått som tiltak på bakgrunn av innspel frå fleire kommunar i høyringa av planen. Det er ei kommunal oppgåve å finansiere slike stillingar. Fylkeskommunen kan bidra ved å setje det på dagsorden og ev. ta initiativ til dialog om samarbeid mellom kommunar.

Strategi 2B - formidling

Formidle kunnskap om kulturmiljø og historie breiare, meir engasjerande og meir effektivt

Me skal

- bidra til at kulturmiljø i større grad kan bli formidla gjennom skulen, friluftsliv, ulike arrangement og av ulike aktørar
- legge til rette for fysisk skilting og digital formidling av kulturminne i landskap og kulturmiljø
- bidra til at meir formidling skal vere tilgjengeleg for flest mogleg
- gjere kunnskap og informasjon om kulturarv og kulturmiljø tilgjengeleg for publikum gjennom gode digitale tenester
- samarbeide med friluftsråd og frivillige organisasjonar om å informere om kulturminne som turmål, både i tettbygde strøk, langs kysten, i kulturlandskapet og i hei- og fjellområde.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Kulturarvportalen for Rogaland	2024: forprosjekt 2025: iverksettjning 2026 ->: drift	Fylkeskommunen	Musea , kommunane	2024: 250 000,- (innanfor vedteken ramme)	Vurdere moglegheitene for å utarbeide ein kulturarvportal, til dømes slik det tidlegare Buskerud fylke laga, eller tilsvarande Sandnes. Samle informasjon om kulturmiljø og kulturarv frå mange ulike kjelder og formidle dette. I forprosjektet må det mellom anna vurderast kva innhald portalen skal ha, kva målgruppe og kva format. Utgreiing av kostnader og drift av kulturarvportalen må ligge til grunn før avgjersle vert teken.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Utvikle ein rettleiar for korleis skular kan ta i bruk og formidle lokale kulturminne.	2025	Fylkeskommunen	Arkeologisk museum(UIS), andre museum, kommunar	150 000,- (innanfor vedteken ramme)	Tiltaket skal sikre at skulane i Rogaland lettare aktivt kan ta i bruk dei kulturmiljøa dei har i nærmiljøet. Rettleiaren skal utformast slik at han kan nyttast i heile fylket.
Utvandrar-jubileet	2023-2025	Fylkeskommunen , Stavanger kommune, Tysvær kommune	Kommunane i Rogaland, musea, frivillige organisasjonar, Anno museum (ansvarlege for jubileet nasjonalt)	2023: 1 000 000 (Innanfor eksisterande ramme) 2024 – 2025: 1 500 000	Ivareta og koordinere Utvandrarjubileet på regionalt nivå.
900-årsjubileet Stavanger 2025		Stavanger kommune	Fylkeskommunen , Stavanger bispedømme, Universitetet i Stavanger, Museum Stavanger, musea, kommunane	Innanfor felles ramme for Utvandrarjubileet og Stavanger 2025.	Delta i, og bidra til å ivareta det regionale perspektivet, særleg knytt til 900-årsjubileet for domkyrkja og bispedømmet. Deltaking og samarbeid knytt til konkrete satsingar/prosjekt under pilarane i jubileet kan også vera aktuelt – t.d. mat/Pedersgata

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Digital formidling av bergkunst og andre arkeologiske kulturminne.	2024	Fylkeskommunen	Arkeologisk museum UiS Riksantikvaren	2024: Investeringskostnad : 100 000 (innanfor vedteken ramme) + administrative ressursar	Vidareføre og følgje opp forprosjektet om digital formidling av bergkunst. Sette opp digital formidling av utvalde bergkunstlokalitetar. Inneber dokumentasjon/materialproduksjon og å gjere formidlinga kjend for publikum.
Formidle kulturmiljø og kulturarv nær dagsturhyttene. Gjennomføre pilotprosjekt i 2023.	2023 Pilotprosjekt 2024 – 2026 Hovudprosjekt	Fylkeskommunen	Kommunane, Vestland FK, Riksantikvaren	2023: 50 000 + Administrative ressursar 2024: 500 000 2025: 500 000 2026: 500 000	Interregionalt pilotprosjekt i samarbeid med Vestland fylkeskommune. Formidling av kulturlandskap og kulturhistorie kring tre utvalde dagsturhytter i 2023. Utforming og uttesting av formidlingsformat og kunnskapsdeling med mål om betre tilgjenge for brukargrupper med ulike behov for tilrettelegging. Pilotprosjektet er støtta av Riksantikvaren og SR-bank. Eigenandelen til fylkeskommunen i pilotprosjektet er i hovudsak arbeidsinnsats

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Kartlegging og betre tilrettelegging av skilta kulturminne	2023-2024	Fylkeskommunen	Kommunane	2023/2024: innanfor vedteken ramme 2024/2025: Kostnader vil bli konkretiserte etter gjennomgang og prioritering	Evaluere dei arkeologiske kulturminna som har informasjonsskilt og sjå kva for kulturminne som i større grad kan bli universelt utforma. Vurdere tilstanden på eksisterande tilretteleggingar av arkeologiske kulturminne med skilt og tilkomst. I samråd med kommunane evaluere om kulturminna er tilgjengelege for publikum, i kva stand tilrettelegginga er i, og kva tilretteleggingar me skal satse vidare på, og om nokre skal fjernast. Auka grad av tilgjengevil føre til at kulturminne og kulturmiljø får ein høgare bruks- og opplevingsverdi i samfunnet, og er eit viktig grep for å nå dei nasjonale måla om mangfald og engasjement i kulturmiljøpolitikken.

Strategi 2C - Kunnskapsgrunnlaget

oppdatere og utvide kunnskapsgrunnlaget om kulturminne, kulturmiljø og landskap

Me skal

- oppdatere og supplere oversikta over vesentlege regionale kulturmiljøinteresser
- utvide kunnskapsgrunnlaget om kulturmiljø i Rogaland gjennom samarbeid, kartlegging og digitalisering
- gjere god og oppdatert informasjon om kulturmiljø tilgjengeleg gjennom gode, brukarvenlege digitale løysingar.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Oppdatere oversikta over kulturmiljø av regional interesse	2023	Fylkeskommunen	Kommunane, Riksantikvaren, Statsforvaltaren i Rogaland, musea, frivillige organisasjonar	Administrative ressursar	Oppdatere oversikta over kulturmiljø av regional interesse og vurdere dei nye miljøa som det er kome innspel til, i høyringa.
Vurdere og inkludere kulturmiljø av regional interesse i Sandnes kommune	2023	Fylkeskommunen	Sandnes kommune, musea og andre aktørar	2023: 150 000 Innanfor vedteken ramme	Ferdigstille oversikta over kulturmiljø av vesentleg regional interesse for Sandnes kommune

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Registrere kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse, samt revidere NB!-registeret for Rogaland.	2023-2024	Riksantikvaren og fylkeskommunen	Kommunane, musea og andre aktørar	2023: 150 000 Innanfor vedteken ramme	Gjennomføring av prosjekt som Riksantikvaren har iverksett for å samle fleire eksisterande nasjonale registerer over kulturmiljø og landskap til eitt, og der det skal bli kartlagt kulturmiljø av nasjonal interesse i Rogaland. Riksantikvaren bidreg også med kr 150 000 til kartleggingsarbeidet.
Kartlegge arkeologiske kulturmiljø av regional interesse	2025	Fylkeskommunen, Arkeologisk museum UiS, Stavanger maritime museum(MUST),	Kommunane, musea, andre aktørar	Administrative ressursar	Utarbeide oversikt over arkeologiske kulturmiljø av vesentleg regional interesse samt innlemme kulturminne i sjø og vassdrag betre i oversikta over kulturmiljø.
Kartlegge kulturminne og kulturmiljø i dal, hei og fjell, særleg frå stølsdrift	2025	Fylkeskommunen	Kommunane, musea og andre aktørar	200 000,-	Kartlegge og prioritere eit utval kulturminne og kulturmiljø av vesentleg regional interesse.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Kartlegge små og opne tradisjonsbåtar i Rogaland	2022-2023	Fylkeskommunen	Forbundet kysten, Riksantikvaren, Stavanger maritime museum, MUST, Engøyholmen kystkultursenter	Hovudsakleg administrative ressursar. 50.000 til 3D - skanning.	Utarbeide ei liste over dei representative småbåtane i Rogaland som er bevarte gjennom å vere del av samlingar, og andre båtar som bør sikrast for framtida
Forprosjekt: fagleg program for arkeologi i Rogaland.	2023/2024 – for-prosjekt 2024: Hovud-prosjekt	Arkeologisk museum UiS, Stavanger maritime museum, MUST og fylkeskommunen	NIKU, Riksantikvaren, musea	2023: Administrative ressursar 2024/2025: Ikkje avklart	Forprosjekt i 2023/2024. Eit fagleg program skal gje oversikt over arkeologiske kulturminne, status og kunnskapsbehov og vere eit viktig kunnskapsgrunnlag i forvaltninga av desse.
Utarbeide liste over prioriterte kartleggings-prosjekt framover	2024	Rogaland fylkeskommune	Kommunane, musea, Statsforvaltaren i Rogaland	Administrative ressursar	Prioritere kva kartleggingsprosjekt som skal gjennomførast i åra framover.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Temakart-Rogaland – forbetre grensesnitt og supplere kulturmiljødata	2024	Fylkeskommunen	Statsforvaltaren i Rogaland, kommunane, musea	2024: 50 000,-	Gjere kulturminneportalen i Temakart-Rogaland meir brukarvenleg og vurdere kva informasjon frå andre karttenester som kan visast i Temakart.
Bygg og anlegg av høg arkitektonisk verdi – kartlegge og vurdere	2026	Fylkeskommunen og Stavanger Arkitektforening	Kommunane, musea		Kartlegge og vurdere bygg og anlegg med høg arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi, med utgangspunkt i arkitekturguide for Sør-Rogaland. Skrive ei kort arkitekturhistorie for Rogaland –liknande <i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i>
Detaljkartlegging og kontrollregistrering av utvalde hamnemiljø over og under vatn	2024	Stavanger maritime museum, MUST og fylkeskommunen	Stavanger kommune, Ryfylke friluftsråd	2024: Inntil vidare administrative ressursar	Pilotprosjekt i kulturmiljøet Basthabn og Rossøysund for å vurdere kulturminne, sårbarheit og behov for sikring. Kartlegge og kontrollregistrere utvalde kulturmiljø med særskilt mål om å auke kunnskapen om kulturminne i skjeringspunktet mellom sjø og land og vurdere behov for sikring i eit klimaperspektiv.

Mål 3 – bruk og engasjement

I Rogaland kan alle engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø. Me nyttar kulturarv og kulturmiljø til å skape trivsel, tilhørslse og unike opplevingar.

Strategi 3A- stadutvikling og engasjement

bruke kulturmiljø som ressurs for å skape engasjement og levande og attraktive stader

Me skal

- styrke samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturarv– og kulturmiljøfeltet
- legge til rette for at frivillige – og andre engasjerte – kan ta vare på kulturminne, lage opplevingar, medverke i offentlege prosessar og på andre måtar ta del i kulturarven
- bidra til at immateriell og materiell kulturarv blir bevart og brukt som ein ressurs for lokalsamfunn
- ta i bruk stadanalyse som verktøy i utviklingsprosjekt slik at ein sikrar kunnskapsbasert og stadtilpassa utvikling
- legge til rette for bruk og gjenbruk av kulturminne og kulturmiljø i stadutvikling gjennom samarbeidsprosjekt, rettleiing, informasjon, gode planar og føringar.

Tiltak	Når	Hovudansvar	Medansvar / Aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Bruke kulturmiljø som ressurs i fylkeskommunen sitt stadutviklingsprosjekt.	2023-	Fylkeskommunen	Kommunane, Riksantikvaren, lokale aktørar, Statsforvaltaren i Rogaland	Administrative ressursar	

Tiltak	Når	Hovudansvar	Medansvar / Aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Oppteikning av historiske bygningsmiljø	2024-2025	Fylkeskommunen	Kommunane	2024: 150 000 2025: 150 000 Innanfor vedteken ramme	Fylkeskommunen inviterer kommunane til eit 2-årig prosjekt for å ivareta og utvikle tettstads- og bymiljø gjennom oppteikning av gatefasadar. Føremålet er å auke kunnskapen og kompetansen om tilbakeføring og restaurering. Prosjekta skal utviklast og utarbeidast i samarbeid, og gjennom ansvarsdeling, med kommunane. Tiltaket føreset kommunal medfinansiering.
Sikre gode fysiske rammer for fartøyvernet		Kommunane	Fylkeskommunen, frivillige organisasjonar, musea	Administrative ressursar	Verna og freda fartøy treng gode kaifasilitetar, og faste kaiplassar. Oppsida er bidrag til stadidentitet og attraktivitet i byane og øvrige lokalsamfunn, samt eksponering av fartøyvernet. Ei oppgåve for kommunane der Stavanger mellom anna har planar om ei eiga veteranbåthamn ved Steinkarkaien.
Opprette kulturmiljøråd i Rogaland	2023-	Fylkeskommunen	Kulturvernforbundet, musea, kommunane, andre aktørar	50 000 +Administrative ressursar.	Eit kulturmiljøråd i Rogaland skal legga til rette for samarbeid og samhandling og vere eit rådgjevande organ for oppfølging av regionalplanen.

Strategi 3B - opplevingar og reiseliv

fremje bruk av kulturarv og kulturmiljø i opplevings- og reiselivsnæringane

Me skal

- stimulere til at det blir utvikla fleire gode reiselivsprodukt der kulturarv og kulturmiljø vert nytta som ressurs.
- legge til rette for møteplassar og samarbeid mellom ulike aktørar i reiseliv, museum og frivilligheit

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeidspartnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
<i>Kraftturisme - Opplevingar i det Vest-Norske kraftlandskapet</i>	2022-	Fylkeskommunen	Vestland FK, reiselivet, kommunane	2023: 300 000,- 2024: 300 000,- Innanfor ramma	Interregionalt samarbeidsprosjekt med Vestland fylkeskommune. Medfinansiert med verdiskapingsmidlar frå Riksantikvaren. Gjennomførast i tråd med vedtak og prosjektplan.
Løfte førhistoria som satsingsområde i formidling og reiseliv, med særleg vekt på vikingtid i første omgang	2023-	Fylkeskommunen	Arkeologisk museum, Destination Viking, Nordvegen historiesenter, reiseliv, musea, kommunane.	2023/2024: Forprosjekt 2025: 500 000 2026: 500 000	2023/2024: Forprosjekt: Korleis bidra til å utvikle og tilrettelegge for formidling av vikingtid - både for lokalbefolkninga og i samband med reiseliv/turisme. Basert på erfaringane frå Rikssamlingsjubileet, Kystpilegrimsleia og Destination Viking Association. Vikingtid er kommersielt interessant, og bør brukast som ein dørøpnar for formidling av andre sentrale periodar i Rogaland, Vil bli følgt opp og detaljerast i eigne tiltak etterkvart.

Tiltak	Kva tid	Hovudansvar	Medansvar og aktuelle samarbeids-partnarar	Kostnader for fylkeskommunen	Skildring
Løfte kystkulturen i formidling og reiseliv.	2024	Fylkeskommunen	Kommunane, musea, Riksantikvaren, reiseliv og andre aktørar	2024: administrative ressursar 2025: 500 000	Legge til rette for å bruke kulturmiljø langs kysten for å skape næringsutvikling og gode lokalsamfunn. Formidle historia om kysten og utvikling av båtar og skip. Må bli sett i samanheng med kystkultursatsing i Riksantikvarens forslag til bevaringsstrategiar, der mellom anna <i>Levande kystkultur</i> på Kvitsøy og <i>Maktens hamn</i> på Karmøy er pilotprosjekt.
Arrangere seminar om verdiskaping med basis i kulturmiljø.	2024	Fylkeskommunen	Riksantikvaren, kommunane, reiselivsnæring, frivillige organisasjonar, musea	Innanfor vedteken ramme	